

Kyrkjekunnskap

**Den norske kyrkja og dei kristne
organisasjonane i dag**

Av Hallgeir Elstad

2. utgåve 2005

Copyright

1. Den norske kyrkja

Historisk er Den norske kyrkja eit produkt av reformasjonen på 1500-talet som førte til eit konfesjonsskifte. Den romersk-katolske kyrkja vart avløyst av ei luthersk statskyrkje. Innføringa av eineveldet i 1660 resulterte i ein tettare integrasjon mellom kyrkje og stat. Religionen vart administrert ovanifrå med kongen som øvste leiar. Sidan staten var ein kristen stat, var det sjølvsagt at kongen tilsette biskopar og prestar og gav lover for kyrkja.

Grunnlova av 1814 endra ikkje det religiøse mønsteret frå eineveldet. Men i løpet av 1800-talet skjedde ei differensiering av kyrkjelivet gjennom vekkingar og kristen foreiningsaktivitet. I siste del av hundreåret vart det drøfta endringar i statskyrkjeordninga, men utan konkrete resultat. Først i løpet av det 20. hundreåret vart det bygd ut ein kyrkjeleg rådsstruktur, som har ført til store endringar i statskyrkja.

1. 1 Organisasjon

Forholdet til staten

Den norske kyrkja er ei luthersk *statskyrkje*. I følgje grunnlova frå 1814 er «den evangelisk-lutherske Religion» statens offentlege religion (§ 2). Men sjølv om Noreg har ein bestemt religion som statsreligion, avgrensar ikkje det Stortinget sin rett til å gi lover. Det slo ein dom i Høgsterett fast i 1983. «Kongen i statsråd», dvs. regjeringa er kyrkjestyre og «anordner al offentlig Kirke- og Gudstjeneste, alle Møder og Forsamlinger om Religionssager, og paaser, at Religionens offentlige Lærere følge de dem foreskrevne Normer», slik det heiter i grunnlova (§ 16). I dag er mykje av dette delegert til Kyrkjemøtet, som er det øvste demokratisk valde organet i Den norske kyrkja. Minst halvparten av medlemmane i regjeringa skal vere medlemmar av Den norske kyrkja (§ 12), og utgjer «kongen i statsråd» i saker som har med kyrkja å gjere. I følgje høgsterettsdommen frå 1983 er det som kyrkjestyre at kongen i statsråd er forplikta på den evangelisk-lutherske religionen.

Etter regjeringsskiftet hausten 2001 vart kyrkjesakene flytta frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Kulturdepartementet. Frå 1. januar 2002 er Kultur- og kyrkjedepartementet (kyrkjeavdelinga) det sentraladministrative organet for Den

norske kyrkja, og førebur alle kyrkjelege forvaltningssaker som blir avgjort av «kongen i statsråd». Departementet førebur dessutan kyrkjelege lover og lovføresegner som blir gjevne av Stortinget eller Kongen, og har elles sjølvstendig forvaltingsansvar i ei rekkje kyrkjelege saker.

Kyrkjeavdelinga i departementet har ansvaret for kyrkjeordninga, kyrkelova, gravferdslova og helgedagslova, utnemning av prostar og biskopar, lønns- og personalsaker som gjeld prestar og kateketar. Dessutan høyrer også prestenesta, kyrkjer, kyrkjegardane, Det praktisk-teologiske seminaret ved Universitetet i Oslo (inkludert Kyrkjeleg utdanningscenter i nord) og Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider inn under ansvarsområdet til kyrkjeavdelinga.

At Den norske kyrkja er statskyrkje, ser vi mellom anna gjennom at regjeringa (kongen i statsråd) utnemner prostar og biskopar, som dermed er statlege embetsmenn. Sidan innføringa av eineveldet midt på 1600-talet har alle prestane i kyrkja vore statlege embetsmenn. Men frå 1989 er det eigne organ i kyrkja (bispedømmeråda) som tek hand om tilsetjinga av kapellanar og sokneprestar. Det har i debatten om statskyrkjeordninga vore drøfta om ikkje tida er inne for at kyrkja sine organ også skal få rett til å utnemne prostar og biskopar.

Opplysningsvesenets Fond vart oppretta ved lov i 1821. Tidlegare låg det til Kyrkjedepartementet å forvalte fondet, men frå 1. januar 2001 vart det skilt ut som ei eiga forvaltningseining under Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med eige styre og direktør. Opplysningsvesenets Fond er regulert av *Lov om Opplysningsvesenets fond av 7. juni 1996 nr. 33*. Lova slår mellom anna fast at fondet skal kome Den norske kyrkja til gode ved at avkastninga av fondet skal nyttast til kyrkjelege føremål. Dei om lag 450 prestegardane i landet utgjer kjernen i eigedommane til fondet. Til saman har fondet om lag 600 eigedommar med eit samla areal på over 1 million dekar og ein eigenkapital på 1,4 milliardar kroner ved utgangen av 2004. Marknadsverdien av eigedommane er rekna til over 2,8 milliardar kroner (ved årsskiftet 2004/2005).

I desember 2000 la regjeringa fram ei stortingsmelding om den kyrkjelege økonomien: *St.meld. nr. 14. Børs og katedral*. Eit fleirtal i Stortinget slutta seg til meldinga, som opna for å bruke meir av fondet sitt utbyte, mellom anna til å

restaurere gamle kyrkjer og andre felleskyrkjelege oppgåver. Fondet skal dessutan ha finansieringsansvaret for dei kommunale prestebustadane.

Kyrkja sine pengar

At Den norske kyrkja er ei statskyrkje, ser vi ikkje minst på det økonomiske området. Utgifter til statskyrkja går dels over staten og dels over kommunane sine budsjett. Ei tredje finansieringskjelde for den kyrkjelege verksemda er private gåver, frivillig arbeidsinnsats og liknande. Prestelønningane betaler staten, medan vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar er eit kommunalt ansvar. Kommunane gir også tilskott til visse lokale kyrkjelege oppgåver. Alt i alt fell det meste av dei offentlege utgiftene til kyrkjelege føremål på kommunane. § 15 i Kyrkjelova av 1996 presiserer at kommunen har økonomisk ansvar for Den norske kyrkja. Det kommunale tilskottet til kyrkja er det kommunestyret som vedtek på bakgrunn av eit framlegg til budsjett som Kyrkjeleg Fellesråd i kommunen har arbeidd ut. Slik sett er Den norske kyrkja vel så mykje ei *kommunekyrkje* som ei statskyrkje. Pengeløyvingane til kyrkja kan variere mykje frå kommune til kommune, mellom anna avhengig av kommuneøkonomien, frå vel 100 kroner per innbyggjar til over 2000 per innbyggjar. I 2003 var dei samla driftsutgiftene for Den norske kyrkja per innbyggjar i gjennomsnitt 630 kroner.

Det kostar det offentlege (stat og kommune) om lag 3 milliardar kroner i året å drive Den norske kyrkja. Kommunebudsjetta dekkjer over 2 milliardar kroner av utgiftene. Noreg har ikkje eigen kyrkjeskatt. I hovudsak er det derfor den allmenne skattelikninga som finansierer det offentlege sine utgifter til kyrkja. Det finst om lag 450 statlege prestegardar og 11 bispebustader, som *Opplysningsvesenets Fond* eig og forvaltar. Midlane i fondet er lagt opp gjennom tidlegare sal av kyrkjelege eigedommar. Kyrkjene er soknet (kyrkjelyden) sin eigedom. Det finst om lag 1 700 kyrkjer og kapell i Den norske kyrkja. Vedlikehaldet av desse er eit kommunalt ansvar.

Mykje av kyrkjelydsarbeidet i Den norske kyrkja, til dømes arbeid for born og unge, er i hovudsak finansiert gjennom innsamla midlar, utanom offentlege budsjett. Det frivillige arbeidet er heilt avgjerande for den lokale kyrkjelydsaktiviteten. I alt kom det inn 120 millionar kroner i frivillige gåver frå kyrkjelydane i 2001.

Rådsstruktur

Den norske kyrkja er organisert i ein dobbelt struktur, ein *rådsstruktur* og ein *embetsstruktur*. I løpet av det 20. hundreåret er det bygd ut ein rådsstruktur frå botn til topp i kyrkja der medlemmane er demokratisk valde og i hovudsak omfattar lekfolk. Dei kyrkjelege råda har fått eit vidt ansvar for å «vekke og nære det kristelige liv». Rådsstrukturen er eit resultat av at Den norske kyrkja har fått auka sjølvstyre.

Den historiske utviklingsprosessen som førte fram til ein kyrkjeleg rådsstruktur på 1900-talet, går attende til hundreåret før. Midt på 1800-talet voks det fram eit auka medvit om at kyrkje og stat ikkje var identiske, men var to ulike samfunn med to ulike føremål. Medan staten hadde ansvaret for dei allmenne samfunnsgoda, skulle kyrkja ta seg av religionen. Denne «arbeidsdelinga» mellom stat og kyrkje aktualiserte spørsmåla om religionsfridom og kyrkjestyre. Ei kyrkjeleg reformrørsle som ville arbeide for religionsfridom og kyrkjelege reformer med auka kyrkjeleg sjølvstyre, var i emning.

Ei av dei store sakene som vart drøfta i siste del av 1800-talet, var framlegg til sokneråd («Menighedsraad»). I 1869 vedtok Stortinget ei lov om sokneråd, men kongen nekta å godkjenne vedtaket. Seinare var det ikkje mogleg for Stortinget å samle seg om saka. Politiske faktorar og usemje innanfor reformrørsla sjølv gjorde at soknerådsspørsmålet køyrde seg fast og vart lagt på is til etter hundreårsskiftet. Det var først i 1920 at Stortinget vedtok lova som innførte soknerådet som organ i Den norske kyrkja (skulle gjelde frå 1922).

Soknerådet er eit demokratisk valt kyrkjeleg organ i kvart sokn, som er grunneininga i Den norske kyrkja. For utan soknepresten omfattar soknerådet etter vedtak av soknemøtet 4, 6, 8 eller 10 andre medlemmar. Alle medlemmar av Den norske kyrkja med allmenn røysterett kan røyste ved kyrkjelege val. Men oppslutnaden frå kyrkjemedlemmar flest har ikkje vore stor. I stor grad er det folk som har stått sentralt i det frivillige kristne organisasjonsarbeidet som også har sete i sokneråda. I følgje kyrkelova skal soknerådet «ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring og barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»

I kommunar med fleire sokn skal det i tillegg til sokneråda vere eit kyrkjeleg *fellesråd*. Kyrkjeleg fellesråd er eit samordningsorgan for dei lokale sokneråda i forhold til den kommunale forvaltninga. Fellesrådet skal ta seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, arbeide ut mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremje samarbeid mellom sokneråda og representere sokna overfor den kommunale administrasjonen. Kyrkjeleg fellesråd har mellom anna ansvar for å byggje, drive og halde ved like kyrkjer og kyrkjegardar, skaffe og drive kyrkjelyd- og prestekontor og skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmantopplæringa. Kyrkjeleg fellesråd har tilsetjings- og arbeidsgivaransvar for alle tilsette som er lønna over budsjettet til fellesrådet.

I 1933 vart det skipa ei lovfest *bispedømmeråd* for kvart bispedømme. I tillegg til biskopen og ein representant for prestane i bispedømmet omfattar bispedømmerådet ein representant for dei leke kyrkjeleg tilsette i bispedømmet og 4 andre lekfolk valt av sokneråda. I dei tre nordlegaste bispedømme er det i tillegg ein samisk representant i bispedømmerådet. Oppgåvene til bispedømmeråda på regionalt nivå svarar til oppgåvene til sokneråda på det lokale nivået. Bispedømmerådet nominerer bisppekandidatar, og frå 1989 er bispedømmerådet tilsetjingsorgan for kyrkjelydsprestar i bispedømmet. Det fordeler statlege tilskott til særlege stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni og til etter- og vidareutdanning for prestar.

I 1963 vart *Bispedømmerådenes Fellesråd* skipa som eit frivillig kyrkjeleg organ. Fellesrådet fekk oppgåva med å samordne aktiviteten til bispedømmeråda i tillegg til å leie ei stadig aukande verksemd for heile kyrkja. I 1969 vedtok Stortinget å skipe *Kyrkjerådet* som eit lovfest kyrkjeleg organ. Kyrkjerådet har til saman 15 medlemmar: 10 leke medlemmar, av desse skal ein vere kyrkjeleg tilsett, 4 prestar og ein biskop. Kyrkjerådet er det utøvande organet for *Kyrkjemøtet*, som vart skipa i 1984. Kyrkjerådet førebur dei sakene som skal opp på kyrkjemøtet, gjennomfører vedtaka frå kyrkjemøtet og leier elles arbeidet mellom kvar gong kyrkjemøtet er samla (ein gong i året).

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i Den norske kyrkja, og omfattar medlemmane av bispedømmeråda og 5 medlemmar som er valde utanfor bispedømmeråda, til saman 85 representantar. I tillegg har dei tre teologiske fakulteta talerett og rett til å fremje framlegg. I følgje kyrkjelova skal kyrkjemøtet «ha sin

oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter og ellers på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet innen Den norske kirke. Kirkemøtet skal verne og fremme samisk kirkeliv og ivareta Den norske kirkes internasjonale og økumeniske oppgaver». Kyrkjemøtet uttaler seg i saker om viktige endringar i lover på det kyrkjelege området, fastset planar for kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og økonomisk verksemd, fastset kvalifikasjonskrav og tenesteordning for ulike kyrkjelege stillingar, gir reglar om inventar og utstyr i kyrkjene og gjer framlegg om retningslinjer for kyrkjeleg inndeling. Det er kyrkjemøtet som vel kyrkjerådet.

Mellomkyrkjeleg Råd har møte to eller tre gonger i året, og er organ for kyrkjemøtet når det gjeld økumeniske og internasjonale saker. *Samisk Kyrkjeråd* har ansvaret for å koordinere det kyrkjelege arbeidet i dei samiske områda i landet.

Den norske kirkes Lærenemnd vart oppretta i 1988, og er eit sjølvstendig sakkyndig organ som uttaler seg i lærespørsmål. Kongen (regjeringa) og biskopane kan reise læresak mot prestar og kateketar, og i andre saker kan dessutan kyrkjemøtet oppmode lærenemnda om å uttale seg. Lærenemnda omfattar biskopane, 5 teologisk sakkyndige og 4 leke medlemmar

Bispemøtet, som omfattar alle biskopane i Den norske kyrkja, kan ikkje seiast å vere ein del av den kyrkjelege rådsstrukturen, men er likevel teken med her fordi det har status som eit fast kyrkjeleg sentralorgan. Bispemøtet har vore i funksjon sidan 1917, men vart ei offisiell ordning først frå 1934. Det er eit samarbeidsorgan for biskopane der dei utøvar den kyrkjelege tilsynsfunksjonen i saker som gjeld heile Den norske kyrkja. Saksområde som Bispemøtet tek seg av, er kyrkjelæra, vedkjenning og forkynning, enkelte spørsmål som har å gjere med liturgi og gudstenesteliv og kyrkjeleg utdanning.

Embetsstruktur

Embetsstrukturen i Den norske kyrkja er ordna som hierarki frå biskop og nedover. Det er ingen erkebiskop i Noreg. Tidlegare var biskopen i Oslo automatisk leiar av bispekollegiet, men no er det bispemøtet sjølv som står fritt til å velje leiar (primas eller preses). For tida (2005) er det biskopen i Nidaros, Finn Wagle, som er bispemøtets preses.

Tjenesteordning for menighetsprester av 19. oktober 1990 og endra seinast 16.april 2004 er retningsgjevande for prestenesta i Den norske kyrkja. Ein prest skal forvalte ord og sakrament gjennom å halde forordna gudstenester, forrette kyrkjelege handlingar, utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring, utøve sjelesorg og rettleiing, gå med dødsbod, reise i soknebod og også elles gjeste sjuke i prestegjeldet, utføre forkynnararbeid og i samråd med soknerådet anna kyrkjelydsbyggjande arbeid. Presten skal førebu seg til desse gjeremåla og setje av naudsynt tid til studium og personleg fornying. Prosten leier prestenesta i prostiet, og avgjer - etter samråd med presten - omfanget av gjeremåla for den einskilde presten. Frå 2004 har kyrkjelydsprestar eitt eller fleire sokn som tenestestad («særskilt arbeidsområde») og heile prostiet som tenestedistrikt. Prestar kan dermed påleggjast teneste i heile prostiet.

I 2001 vart det vedteke eit nytt fritidsreglement for prestar som gir rett til to dagar fri i veka og ei frihelg i månaden. Tanken er at prestar skal ha fridagar som folk flest, men det stiller krav om å planleggje og organisere prestenesta.

Det er ca. 1 300 prestar i kyrkjelydsteneste i Den norske kyrkja. Ved bispedømmekontora er det *stiftskapellanar* eller rådgivarar som biskopen disponerer over og nokre vikarprestar i kvart bispedømme. Etter innføringa av fritidsreglementet for prestar er det oppretta prostiprestestillingar som skal gjere vikarteneste i prostia. *Prosten* er medhjelpar for biskopen og øvste leiar for prestenesta i prostiet. Prost som også er sokneprest ved ein domkyrkjelyd er *domprost*. Domkyrkja er hovudkyrkja i bispedømmet og knytt til bispesetet («biskopens kyrkje»). Domprosten er fast vikar for biskopen, og står derfor i ei særstilling i forhold til dei andre prostane. Medrekna domprostane er det om lag 100 prostar i Den norske kyrkja.

Regjeringa («kongen i statsråd») utnemner både biskop og prost. Men i motsetnad til prosteembetet er ikkje *bispeembetet* ei stilling det er mogleg å søkje på.

Bispedømmerådet i det bispedømmet der bispeembetet er ledig, nominerer frå tre til fem bispekandidatar. Deretter haldast det ei rådgivande avrøysting mellom alle prestane, kateketane, diakonane og sokneråda i bispedømmet, i tillegg til alle prostane og dei teologiske professorane i landet og kyrkjerådet. Biskopane gjev innstilling kvar for seg. Men regjeringa er ikkje bunden av resultatet frå røystinga ved utnemning av

ny biskop. Ved bispeutnemninga i Oslo (2005) vart nominasjonen gjennomført etter ei forsøksordning som var meint å vere meir demokratisk.

Biskopen er øvste leiar for prestetenesta i bispedømmet, og fører elles tilsyn med kyrkjeleg tilsette og kyrkjelege råd i bispedømmet. Biskopen skal gi råd og rettleiing til kyrkjelydane, men kan òg kome med bindande pålegg. Gjennom forkynning og forvaltning av sakramenta er det ei oppgåve for biskopen å fremje og halde oppe einskapen i kyrkja. Den norske kyrkja har 11 biskopar.

For utan prestane har Den norske kyrkja nesten 5 000 andre tilsette. Den organisatoriske utviklinga av Den norske kyrkja har dei seinaste 30 åra vore prega av såkalla «tenestedifferensiering», dvs. stillingstypar ved sida av presten.

Katekettenesta, som har ansvaret for kyrkjeleg undervisning, vart lovfest i 1969.

Tidlegare tilsette bispedømmeråda (dei statlege) kateketane, men no er det dei kyrkjelege fellesråda i kommunane. I 2000 var det 195 kateketar i Den norske kyrkja.

I 1985 kom *lov om diakontjenesten i Den norske kirke*. Ein diakon driv kyrkjeleg sosialarbeid, og i 2000 var det om lag 240 diakonar tilsett i kyrkjelydsstillingar.

Vidare er det registrert 879 kyrkjemusikarar, men ein heil del av desse er deltidsstillingar. Om lag 200 av kyrkjemusikarane er utan formell kyrkjemusikalsk utdanning. Mange kyrkjelydar har tilsett kyrkjelydssekretærar, og i følgje kyrkjelova skal dei kyrkjelege fellesråda i kommunane ha dagleg leiar. I 2000 var det registrert 420 daglege leiarar og 128 andre leiarar i kyrkja i tillegg til 817 administrative stillingar, av desse er mange på deltid.

Prestar, kateketar og diakonar er lønna over statsbudsjettet, medan kyrkjemusikarar, kontorpersonale, daglege leiarar, kyrkjelydssekretærar, kyrkjevevjer, gravarar og kyrkjetenarar er finansiert over dei kommunale budsjetta. Nokre stillingar er lønna av innsamla midlar i kyrkjelydane. Kyrkja har om lag 9 200 som er medlemmar av kyrkjelege råd og utval. Dessutan er det mange som gjer ein viktig frivillig innsats i kyrkjelydane rundt om i landet.

Om lag 12 prosent av prestane i kyrkjelydsteneste er kvinner. Av dei som i dag blir tilsett i prestestillingar i Den norske kyrkja, er det 20 prosent kvinner. I Nidaros, Sør-Hålogaland og Oslo bispedømme er mellom 40 og 50 prosent av prestane som blir tilsett kvinner. Blant kapellanane er det kvinnelege innslaget på 19 prosent, men berre

6 prosent av prostane er kvinner. Den første kvinnelege prosten vart utnemnt i Tunsberg bispedømme i 1988 og den første kvinnelege domprosten i Stavanger bispedømme i 2001. Dei kvinnelege prostane er fordelt på Tunsberg, Oslo, Hamar, Agder og Stavanger, Møre og Nord-Hålogaland bispedømme. Den første kvinnelege biskopen vart utnemnt til Hamar bispedømme i 1993, den andre i Tunsberg i 2002 og den tredje i Borg i 2005. Av dei kandidatane som blir ordinerte til presteteneste, byrjar innslaget av kvinner å nærme seg halvparten. I 1997 var 48 prosent av dei ordinerte kvinner.

Mange kvinner arbeider som diakonar og kateketar. 70 prosent av diakonane og 53 prosent av kateketane er kvinner (1999). Om lag 32 prosent av kyrkjemusikarane, 36 prosent av kyrkjetenarane og 61 prosent av klokkarane er kvinner. Men berre 38 prosent av dei daglege leiarane, ein viktig lokal leiarfunksjon, er kvinner. I dei sentralkyrkjelege råda var det 36 prosent kvinner i perioden 1998-2002. I 1998 valde kyrkjerådet for første gong ein kvinneleg leiar: Gunvor Kongsvik frå Tromsø. Gjennomsnittstalet for kvinner i nemnder og utval under dei sentralkyrkjelege råda var i perioden 1994-1998 45 prosent og 50 prosent i 1999-2003.

Kyrkjeleg inndeling

Den norske kyrkja har i prinsippet territoriale kyrkjelydar. Eit medlem i folkekyrkja høyrer til den kyrkjelyden eller det soknet der han eller ho bur. Kvart *sokn* skal ha eiga kyrkje og eige sokneråd. I 2003 hadde Den norske kyrkja 1297 sokn. Kvart sokn høyrer til eit *prestegjeld*, som gjerne omfattar det same området som ein kommune. I 2003 var Noreg delt inn i 619 prestegjeld. Kvart prestegjeld høyrer til eit *prosti*, og det var 103 prosti i Den norske kyrkja i 2003. Kvart prosti høyrer til eit *bispedømme*. Talet på bispedømme har vore aukande og følgjer no stort sett fylkesgrensene. Det er i dag 11 bispedømme: Nord-Hålogaland, Sør-Hålogaland (frå 1952), Nidaros, Møre (frå 1983), Bjørgvin, Stavanger (frå 1925), Agder og Telemark, Tunsberg (frå 1948), Hamar (frå 1864), Borg (frå 1969) og Oslo.

Historisk oversyn over dei norske bispedømme

Frå 1000-talet:

- Trondheim (Nidaros)
- Selja; flytta til Bergen (Bjørgvin) 1170
- Oslo

Frå 1100-talet:

- Om lag 1125 Stavanger; flytta til Kristiansand 1682, gjenopprett 1925
- Før 1150: Hamar; slått saman med Oslo ved reformasjonen, gjenopprett 1863/64

Frå 1800-talet:

- Tromsø frå 1803/04
- Frå 1952 delt i Nord- og Sør-Hålogaland.

Frå 1900-talet:

- Tunsberg frå 1948
- Borg frå 1968/69
- Møre frå 1983

Medlemmar i Den norske kyrkja

Dei fleste som bur i Noreg tilhøyre i dag Den norske kyrkja. Men særleg etter 1990 har oppslutnaden gått noko ned. Per 1. januar 2004 var det 3,9 millionar medlemmar, det vil seie 85,7 prosent av befolkninga mot 90,5 prosent i 1991. I fem av bispedømme er medlemsprosenten over 90 prosent: Møre, Sør-Hålogaland, Nidaros, Nord-Hålogaland og Hamar. Oslo er det bispedømmet med klart lågast medlemsprosent, om lag 72,7 prosent (2004). Men i Oslo er òg det fleirreligiøse innslaget størst.

Formelt er det dåpen som gjer ein til kyrkjemedlem. Der begge eller den eine av foreldra er medlem av Den norske kyrkja, reknast barnet for å høyre inn under Den norske kyrkja til det fyller 15 år. Eit barn som reknast for å høyre inn under kyrkja,

blir medlem av kyrkja når det blir døypt. Når barnet har fylt 18 år utan å vere døypt, reknast det ikkje lenger for å høyre inn under kyrkja. Den som er over 15 år kan melde seg inn i og ut av Den norske kyrkja. Personar som reknast for å høyre inn under eller er medlemmar av kyrkja, blir registrert i eit sentralt medlemsregister for Den norske kyrkja. I følgje kyrkjelova er det berre personar som er busett i Noreg og norske statsborgarar som bur i utlandet som kan vere medlemmar av Den norske kyrkja.

1. 2 Kyrkjelege handlingar

I 1960 vart 96,8 prosent av alle levande fødde i Noreg *døypt* inn i Den norske kyrkja. 20 år seinare hadde dåpsprosenten minka med omlag 10 prosent til 87, 2 prosent i 1980. Frå 1980 til 1990 fall dåpsprosenten med endå 5 prosent. Sidan 1990 har prosenten vore stabil på mellom 80 og 83 prosent, men kom i 2002 under 80 prosent. I 2003 var talet 77,7 prosent.

Men dåpsprosenten varierer ein del i ulike delar av landet. Oslo bispedømme hadde lågast dåpsprosent med 43,6 prosent i 2003. Til samanlikning hadde Møre 97,6 prosent, Hamar 95,4 prosent, Sør-Hålogaland 93,7 prosent og Nord-Hålogaland 89,9 prosent.

93 prosent av alle 14 åringane vart *konfirmerte* i Den norske kyrkja i 1960. Fram til 1980 minka talet med 4 prosent. Den store nedgangen kom frå 1980 til 1990 då prosenttalet gjekk ned med 7,6. Kvart år sidan 1990 har nedgangen i talet på konfirmantar vore omlag 1 prosent. I 2001 var prosenttalet for første gong kome under 70 prosent (68,5 prosent), mot 70,2 prosent i 2000 og 71,7 prosent året før. I 2003 var dåpsprosenten 67,5 prosent for heile landet. Høgast er konfirmasjonsprosenten i Møre og Bjørgvin bispedømme med respektive 84,4 og 77,9 prosent. Lågast prosenttal har Oslo med 44,3 prosent. Om ein ser konfirmanttalet i forhold til talet på døypte, blir konfirmasjonsprosenten klart høgare. I 2003 var 88 prosent av dei døypte konfirmert, noko som viser at konfirmasjonen står sterkt blant dei som er medlemmar av Den norske kyrkja.

I 1960 var det 85, 2 prosent av alle ektepar som *gifta seg* i Den norske kyrkja. Prosenttalet gjekk berre litt ned i tiåret fram til 1970, men minka drastisk frå 1970 til 1980 med heile 19, 4 prosent. Frå 1980 til 1990 var nedgangen mykje mindre: vel 5

prosent. Frå 1992 til 1996 auka talet på kyrkjevigslar til i overkant av 60 prosent, men har seinare gått noko ned. I 2000 var talet 55,3 prosent, ein auke frå året før, då talet var 54,3 prosent. Men seinare har det vore ein klar nedgang. I 2003 vart det gjennomført 11 440 kyrkjelege vigslar, og dette er om lag 10 prosent lågare enn i 2002.

Prosenttalet for *kyrkjelege gravferder* har lenge heldt seg stabilt på om lag 95 prosent. I 2003 gjennomførte Den norske kyrkja 40 115 gravferder, og det tilsvarte 93,75 prosent av alle døde dette året. I 2000 vart 93,5 prosent av gravferdene gjennomført i kyrkjeleg regi. I Møre bispedømme var den kyrkjelege gravferdsprosenten på 101,2 prosent i 2003, 99,9 i Sør-Hålogaland og 99,6 i Nord-Hålogaland bispedømme. Prosenttalet var lågast i Oslo med 81,3 prosent, medan Borg hadde 92,4 prosent.

Den folkelege opplutnaden om dei kyrkjelege handlingane i prosent

	1960	1970	1980	1990	2000	2003
Døypte av levande fødde	96,8	96,2	87,2	82,2	81,1	77,7
Kyrkjeleg konfirmerte av alle 14-åringane	93,0	90,6	89,0	81,4	70,2	67,5
Kyrkjeleg vigde	85,2	84,5	64,9	59,7	55,3	-
Kyrkjeleg gravlagde				95,0	93,5	93,75

Gudstenester og nattverddeltaking

Den norske kyrkja stod for til saman 69 873 gudstenester i 2003 mot 69 949 året før. Til saman hadde desse gudstenestene om lag 6,7 millionar deltakarar, og det tilsvarende gjennomsnittleg 102,6 deltakarar på kvar gudsteneste. Det er ein auke på 30 701 personar frå 2002. Kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd er her haldne utanfor.

Det har stadig vorte fleire som har gått til nattverd i Den norske kyrkja. På slutten av 1980-talet var det nesten dobbelt så mange som gjekk til nattverd i forhold til i 1960. I 1980-åra låg talet på nattverdgjestar stabilt rundt 1 million, og frå 1987 auka talet til nesten 1,2 millionar i 1994. Etter ein viss nedgang sidan 1998 ser talet på

nattverddeltakarar no ut til å auke att. Talet på nattverdgjestar ved hovudgudstenester på sun- og heilagdaggar var 943 537 i 2003. Det er ein auke på 18 212 eller 2 prosent frå året før. I tillegg kjem nattverdgjestar ved andre gudstenester på 188 382, som utgjer ein auke på 18 228 eller 10 prosent i høve til 2002. I Den norske kyrkja vart det halde til saman 31 859 nattverdgdustenester i 2003, 123 fleire enn året før. Gjennomsnittleg er det 35,5 personar som går til alters ved kvar nattverdgdusteneste. Dette talet er størst i Stavanger bispedømme med 55,6 personar og i Oslo med om lag 44 personar.

Tabell. Gudstenester, nattverddeltakarar, gjennomsnittleg gudstenestedeltaking og gjennomsnittleg tal på nattverdgjestar per gudsteneste i Den norske kyrkja

	1960	1970	1980	1990	2000	2003
Gudstenester	54242	61118	71022	72373	71300	69873
Nattverddeltakarar	676254	753454	1 048609	1 162167	1 095195	943537
Gjennomsnittleg deltakartal på gudstenester sun- og heilagdaggar				106,9	102,8	102,6
Gjennomsnittleg tal på nattverdgjestar per gudsteneste					40	35,5

Innmeldingar og utmeldingar i Den norske kyrkja

I 2003 har 856 personar meldt seg inn i Den norske kyrkja mot 854 i 2002. Til saman har 34 559 personar meldt seg inn i Den norske kyrkja i perioden 1950-2003. Det finst ikkje nokon oversikt over kor mange av tidlegare utmeldte som har meldt seg inn igjen i kyrkja. Ein reknar med at ein god del personar har meldt seg ut på grunn av konflikhtar i kyrkja eller med den lokale presten eller på grunn av kyrkja si haldning i ulike spørsmål, men som seinare har meldt seg inn igjen. Det finst heller ikkje registrert kor mange som er innmeldt frå andre trussamfunn.

Talet på utmeldingar av Den norske kyrkja har gått sakte ned sidan 1983. I 2003 har 3603 personar meldt seg ut mot 3759 året før, ein nedgang på vel 4 prosent. Det største talet på utmeldingar noko år var 1978, då 11 755 meldte seg ut. Nest høgst ligg 1983 med 9 990 utmeldingar. Størst utmelding av Den norske kyrkja sidan krigen har

det vore i tiåret 1980-1990, då 73 457 personar meldte seg ut. Sidan 1950 har 237 373 medlemmar meldt seg ut av Den norske kyrkja. Av desse har om lag 1/4 meldt seg inn i eit anna kristent trussamfunn.

Innmeldte og utmeldte av Den norske kyrkja

	1960	1970	1980	1990	2000	2003
Innmeldingar i kyrkja	499	455	517	882	843	856
Utmeldingar av kyrkja	1 672	7 660	9 793	5 601	4 519	3 603

Det er nok til ein viss grad mogleg å sjå toppane på utmeldingsstatistikken i samband med den kyrkjelege debatten og aktuelle konflikthar i kyrkja. Mot slutten av 1970-åra, då utmeldingane gjekk kraftig opp, var temperaturen i abortdebatten høg. Hyrdebrevet frå biskopane då Stortinget hadde vedteke lov om sjølvbestemt abort i 1978, provoserte mange. Ein del av dei som ikkje var samde i det kyrkjelege abortstandpunktet, melde seg ut i protest. Same året avslørde pressa at prestar i Den norske kyrkja hadde vore med på demonutdrivingar, og dette resulterte i veldige reaksjonar. Andre konfliktsaker på slutten av 1970-talet var kristen føremålsparagraf i barnehagar og rett til alternativ livssynsundervisning. Religiøse stridsspørsmål stimulerte religionskritikken. I 1978 hadde Human-Etisk Forbund og Hedningesamfunnet to utmeldingsaksjonar av statskyrkja. Først på 1980-talet var Hognestad-saka aktuell, og ein del har nok som følgje av kyrkja si handsaming av denne saka teke steget ut av kyrkja.

2. Frivillige kristne organisasjonar innanfor Den norske kyrkja

Dei kristne organisasjonane har vore eit karakteristisk drag ved norsk kyrkje- og kristenliv sidan 1800-talet. Desse organisasjonane står for ei omfattande verksemd også i dag. Fordi arbeidsoppgåvene etter kvart er blitt fleire og meir differensierte, har det også kome fleire slike organisasjonar til. Nedanfor vil vi ta for oss nokre av dei viktigaste organisasjonane i dag.

Det norske Misjonsselskapet (NMS), skipa 1842, er det eldste misjonsselskapet i Noreg, og har hovudsete i Stavanger. Misjonsselskapet var den første organiserte

folkerørsla i Noreg, og har framleis om lag 3 000 foreiningar fordelt på 9 regionar. Men det har dei seinare åra vore vanskeleg å rekruttere til misjonsforeiningane. Det er om lag 400 tilsette. Om lag 200 arbeider i Noreg, resten er misjonærar, av dei er om lag 150 misjonærar i aktiv teneste i følgjande land: Madagaskar, Kamerun, Kina/Hong Kong, Japan, Etiopia, Brasil, Thailand, Mali, Pakistan, Frankrike, Kroatia og Midt-Austen.

NMS eig og driv Misjonshøgskolen i Stavanger, som er eit teologisk fakultet og utdannar misjonærar og prestar. Selskapet eig 19 leirstader, og er medeigar i Norsk Lærarakademi i Bergen (privat høgskole med kristendomskunnskap og pedagogikk), Kristelig Gymnasium i Oslo og Kristen Videregående skole i Trondheim.

NMS gir ut *Misjonstidende* med eit opplag på 15 000.

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) vart skipa i Bergen i 1891 som *Det norsk lutherske Kinamisjonsforbund*, og var den første norske misjonsorganisasjonen som dreiv verksemd i Kina og seinare i Etiopia. Det var den radikale og til dels kyrkjekritiske lekmannsrørsla på Vestlandet som stod bak Kinamisjonsforbundet. Organisasjonen vart både eit indre- og eit ytre misjonsselskap, med sterk vekt på forkynnarverksemd i Noreg. Då kulturrevolusjonen under Mao forbaud misjon i Kina, måtte forbundet trekkje seg ut. Organisasjonen endra namn og flytta hovudsetet til Oslo.

I dag driv NLM verksemd i Noreg og i tre verdsdelar, og har ei rekkje skoler, bedehus, leirstader og barnehagar. Om lag 3 000 foreiningar fordelt på 17 krinsar tilhøyrrer organisasjonen. NLM har om lag 200 misjonærar i Peru, Bolivia, Etiopia, Kenya, Tanzania, Elfenbenskysten, Mongilia, Hong Kong/Macau, Taiwan, Indonesia og Japan.

Sambandet driv også radiomisjon gjennom Norea Radio med sendingar på 20 språk, og har etablert 30 lokalradioar rundt om i Noreg. NLM har forlag og bokhandel (Lunde) og produserer CD-ar og videoar (Lynor). Hovudorganet er *Utsyn* med eit opplag på 21000. I tillegg gir organisasjonen ut to andre blad med eit opplagstal på over 20000.

Frå 2001 gjekk *Den norske Santalmisjon*, skipa 1867, og *Det norske lutherske Indremisjonsselskap*, skipa 1868, saman i ein organisasjon, *Normisjon* med hovudsete i Oslo. Dei første indremisjonsforeiningane vart skipa på 1850-talet, og var prega av ein pietistisk vekkingskristendom. Indremisjonen skulle vere ei hjelp for kyrkja i ein situasjon med for få prestar og for lite forkynning av Guds ord. I 1868 slutta indremisjonsforeiningane seg saman under sentralorganet *Lutherstiftelsen*, som i 1891 vart skipa om til Det norske lutherske Indremisjonsselskap. Santalmisjonen vart grunnlagt av gudbrandsdølen Lars Skrefsrud som eit luthersk misjonsføretak blant Santalfolket i India. Som ung hadde Skrefsrud gjort seg skuld i eit brotsverk, og var sett i fengsel. Under fengselsopphaldet opplevde han ei omvending og fekk det for seg at han skulle reise ut som misjonær. Han fekk ikkje støtte frå Det norske Misjonsselskapet, men reiste ut på eiga hand.

Misjonen har i dag 80 misjonærar som arbeider i Bangladesh, Bhutan, Nepal, Mali, Ecuador og Aserbajdsjan. Arbeidet til Normisjon i Noreg omfattar om lag 3 700 foreiningar for vaksne, barn og unge fordelt på 13 regionar. Normisjon har om lag 400 tilsette og eig 850 bedehus. *Gå Ut Senteret* i Hurdal gir misjonærutdanning, og organisasjonen har i tillegg tre bibelskolar, 17 folkehøgskolar, jordbruks- og hagebruksskolar, leirstader ut over landet. Organisasjonen er medeigar i Kristen Videregående skole i Trondheim, Kristen Videregående skole i Nordland, Kristelig Gymnasium i Oslo og Norsk Lærarakademi i Bergen. Normisjon har 50 barnehagar, mediaverksemd, forlag og bokhandlarverksemd. Totalt omsetnad for heile verksemda ligg på om lag 400 millionar kroner i året. Hovudorgan er *Agenda 3:16*, opplag om lag 18 000.

Den Norske Israelmisjon vart skipa 1844. Det var misjonsvenner i Stavanger som tok intiviativ til misjonsarbeid blant jødane. Det var sju år før jødane fekk adgang til Noreg. Den første norske misjonæren vart sendt ut for å arbeide blant jødar i Romania i 1891. Israelmisjonen har hovudsete i Oslo og om lag 200 foreiningar i 13 krinsar. Til saman har organisasjonen 21 tilsette heime i Noreg. I tillegg er det 11 utsendingar, lokale tilsette og frivillige arbeidarar i Israel. Dessutan driv organisasjonen studiesenter og alders- og sjukeheim i Israel. Organisasjonen gir ut *Misjonsblad for Israel*, opplag: 10 500.

Misjonsalliansen vart skipa i 1901, og har hovudsete i Oslo. Misjonsalliansen er ein frittståande og økumenisk misjonsorganisasjon med grunnlag i Den norske kyrkja, og har i dag vel 30 misjonærar i 8 land: Bolivia, Ecuador, Brasil, Vietnam, Filippinene, Kina, Taiwan og Japan. Organisasjonen legg vekt på å arbeide diakonalt og fattigdomsorientert, og ser det som viktig at grunnleggjande behov som mat, reint vatn og økonomisk sjølvstende blir dekt. Hovudorganet for organisasjonen er *Misjonsvennen* med eit opplag på 27 500.

Areopagos (tidlegare: Den Nordiske Kristne Buddhistmisjon) vart skipa av Karl Ludvig Reichelt i 1922. Våren 2000 endra organisasjonen namn til Areopagos. Verksemda skjer gjennom dialogsentret Emmaus i Oslo og fleire byar i Noreg, Hedalen pilegrimsgard i Valdres, Tao Fong Shan Christian Center i Hong Kong og Institute of Sino-Christian Studies i Kina. Organisasjonen har i tillegg samarbeidspartnarar i Danmark, Kyoto i Japan, Hong Kong og Taiwan. Organ: *Østen og Vi*.

Norsk Misjon i Øst (tidlegare: Misjon bak Jernteppet) vart skipa i 1967. Organisasjonen endra namn i 1990. Føremålet er å drive misjon i land der open misjonsverksemd blir hindra, og der kyrkjer og enkeltmenneske er utsett for undertrykking og forfølgning. Organisasjonen har som motto: "Sammen for de forfulgte". Bibelspreiing og distribusjon av annan kristen litteratur er ei viktig oppgåve. Organ: *Ropet fra Øst*, opplag 26 000.

Det Vestlandske Indremisjonsforbund vart skipa 1898 i Bergen med basis i den radikale lekmannsrørsla på Vestlandet. Frå 1888 hadde organisasjonen ein eigen emissærskole (bibelskole), og gav ut bladet *Sambaandet* frå 1899. I dag har Indremisjonsforbundet hovudkontor og bibelskole ved Bergen. Om lag 1 500 lag og foreiningar er tilslutta organisasjonen, som mellom anna eig 650 bedehus, ei rekkje skoler, leirstader, barnehagar og sosiale institusjonar, i tillegg til forlagsverksemd og blad. Hovudorgan er *Sambåndet* med eit opplag på om lag 6 500.

Den norske Sjømannsmisjon - Norsk kirke i utlandet, grunnlagt 1864, har hovudkontor i Bergen. Har frå 1990 hatt undertittelen *Norsk kirke i utlandet*. I Noreg har organisasjonen om lag 970 foreiningar i 21 krinsar, og har verksemd på 45 forskjellige stader i 4 verdsdelar inkludert 18 tradisjonelle sjømannskyrkjer. Dessutan

reisande verksemd og teneste på oljeplattformer. Sjømannsmisjonen har omlag 175 tilsette. Organ: *Bud og hilsen*, opplag 20 000.

Den indre Sjømannsmisjon vart skipa 1880, og har framleis hovudsete i Bergen. Organisasjonen driv sosial og evangelisk verksemd blant norske fiskarar. Om lag 400 foreiningar i 16 krinsar er tilslutta misjonen, som også har 12 sjømanns- og fiskarheimar langs kysten. Skipet *Elieser 6* er sidan 1992 nytta som ein flytande fiskarheim. Totalt har organisasjonen omlag 70 tilsette, i sesongen omlag 100, av desse er det 30 forkynnarar. Gir ut eige blad, *Trygg Havn*, og julehefte, *Fiskerens Venn*.

Norges Samemisjon vart skipa 1888. Dei som grunnla misjonen blant samane, meinte det var viktig å ta omsyn til samisk språk og kultur. Samemisjonen har i dag hovudsete i Trondheim og driv forkynning, sosialt arbeid og skoleverksemd i den samiske befolkninga i Noreg. Samemisjonen har vore med å bygd 6 fjellkyrkjer i Finnmark, 4 leirstader og fleire bedehus i den nordlege landsdelen. Organisasjonen driv ein aldersheim i Lebesby og Øytun Folkehøgskole i samarbeid med andre organisasjonar. Samisjonen driv ein to-språkleg nærradio i Finnmark, og har hatt kontakt med samane på Kola sidan 1992. Samemisjonen har om lag 300 foreiningar, organisert i 7 krinsar og ei fellesforeining. I alt har organisasjonen om lag 50 tilsette, av desse er det vel 20 forkynnarar. Organ: *Samenes Venn*, opplag 3 000.

Norges KFUK-KFUM er grunnlagt 1880, og har hovudkontor i Oslo. Organisasjonen har om lag 20 000 medlemmar i tillegg til dei to speidarforbunda (KFUK-Speidere og KFUM-Speidere) som til saman har omlag 20 000 medlemmar. Det er om lag 125 tilsette i organisasjonen, som oppfattar arbeidet sitt som Den norske kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid. Verksemda er organisert gjennom to sjølvstendige speidarforbund og 6 arbeidsgreiner: Førskolearbeid, Triangel, Klubb/Ten Sing, Unge Voksne, Idrett og Voksenarbeid. Forbundet eig ein folkehøgskole og er medeigar til 5 andre. Organisasjonen er med å drive mellom anna 38 leirstader.

Norsk Søndagsskoleforbund vart skipa 1889 med hovudsete i Oslo. Søndagsskolen har lenge vore ein svært viktig del av barnearbeidet i Den norske kyrkja. Men dei siste åra har søndagsskolen gått tilbake. Det er om lag 1 700 søndagsskolar med 38 400 barn og 6 530 leiarar er medlemmar av organisasjonen. Forbundet er delt i 26 krinsar.

Administrasjonen sentralt har 17 tilsette, medan det er 14 krinssekretærar og 5 søndagsskolekonsulentar. Forbundet har utvikla ein plan for tekstarbeidet for to årsgrupper. Det er arbeidd ut ei tekstrettleiing i bokform for kvar av aldersgruppene. Organ: *Norsk Søndagsskoleblad*, opplag 11 700, *Barnas Søndagsblad*, opplag 27 000.

Norges Kristelige Studentforbund (NKS), skipa 1899, har hovudsete i Oslo. Om lag 400 aktive medlemmar og 7 tilsette prestar og sekretærar. Organisasjonen har eigne lokale og kapell i Oslo, Trondheim og Bergen. Studentforbundet arrangerer konferansar og leirar mellom anna i samarbeid med dei andre nordiske kristne studentrørslene. Årleg gjennomfører organisasjonen pilegrimsreiser til Palestina. Publikasjon: *Akt*, opplag 700.

Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag, grunnlagt 1924, har hovudkontor i Oslo og er organisert i om lag 170 skulelag og om lag 40 studentlag. Organisasjonen arbeider frå og med ungdomssteget i grunnskulen, i vidaregåande skule, høgskular og universitet. Organisasjonen driv fleire lagshytter og kapell, og har eit bibel- og evangeliseringssenter i Mandal. Laget har om lag 40 tilsette. Organ er *Credo* med eit opplag på 2 500 og *Lagsnytt*, opplag 8 000.

I tillegg dei organisasjonane som her er nemnt, finst det ei rekkje mindre organisasjonar for ulike oppgåver innanfor det kristne arbeidet. *Organisasjonenes Fellesråd* er eit samarbeidsorgan for frivillige kristelege organisasjonar. OF vart skipa i 1938, med dei såkalla Geilo-møta som opphav. Årsmøta er eit ope samtaleforum for leiarane i dei største kristne organisasjonane der ein drøftar aktuelle saker av felles interesse.

Vidare finst det ei rekkje diakonale institusjonar. *Blå Kors* (skipa 1906) og *Hvite Bånd* (skipa 1889) arbeider innanfor rusomsorga. Blå Kors har om lag 30 institusjonar, medan Hvite Bånd driv 4 institusjonar.

Institutt for Sjelesorg, Modum tilbyr sjelesørgeriske samtalar under rekreasjonsopphald, driv ei omfattande kurs- og rettleiingsverksemd innanfor det sjelesørgeriske og pastoralkliniske fagområdet og arbeider i tillegg med forskning. Instituttet gir ut *Tidsskrift for Sjelesorg*, med eit opplag på 2 200.

Kirkens Familievern er ein interesseorganisasjon for 28 sjølvstendige familievernkontor over heile landet. Familievernet er ei spesialteneste som har familierelaterte problem som fagfeltet sitt. I alt har familievernkontoret om lag 180 stillingar.

Kirkens Bymisjon, skipa 1855 som Christiania Indremission, men står i dag fritt i forhold til indremisjonen. Hovudkontor i Oslo. Omlag 950 tilsette som driv ei omfattande kyrkjeleg diakonal verksemd: rustiltak, eldretiltak, barne- og ungdomstiltak og psykisk helsevern.

Kirkens Nødhjelp formidla i 2001 346 millionar kroner til hjelpearbeid over heile verda.

Dominerande innanfor norsk diakoni er fire store diakoninstitusjonar som òg har diakoniutdanning:

Diakonhjemmet (Oslo) vart skipa i 1890 og hadde som føremål å utdanne diakonar. I dag har Diakonhjemmets Høgskole om lag 1000 studentar innanfor sjukepleiar-, sosionom- og diakonutdanninga. Diakonhjemmets sjukehus er lokalsjukehus i kirurgi, indremedisin og psykiatri for 4 bydelar i Oslo Vest med 255 senger.

Diakonissehuset, Lovisenberg, grunnlagt i 1868, er pionér i Noreg både når det gjeld diakoni og sjukepleie. Lovisenberg Diakonale Høgskole tilbyr grunnutdanning i sjukepleie og vidareutdanning innanfor helse- og sosialfag. Høgskulen har kapasitet til om lag 800 studentar. Lovisenberg Diakonale Sykehus er lokalsjukehus for tre bydelar i Oslo. Diakonissehuset driv òg eit ressurscenter for diakoni.

Bergen Diakonissehjem vart skipa i 1918 og omfattar mellom anna Diakonissehjemmets Sykehus Haraldsplass med 184 senger, Garnestangen Ungdomshjem, ein omsorgsinstitusjon for ungdom med sosiale tilpassningsvanskar, Diakonissehjemmets Sykepleierhøgskole med 180 studentar.

Stiftelsen Menighetssøsterhjemmet, Oslo, grunnlagt i 1916, utdannar til sjukepleie og kyrkjelydsarbeid. Institusjonen omfattar høgskule, sjukehus, hospice og Kildevangen kurs- og diakoniserter.

3. Kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja

I 2004 er nærare 399 000 personar medlemmar i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. Dette svarar til om lag 8,7 prosent av befolkninga i Noreg. Nærare 5,6 prosent av befolkninga er ikkje medlemmar av noko trussamfunn som mottek statstilskot. Islamske trussamfunn er den største gruppa av dei registrerte trussamfunna utanfor Den norske kyrkja med nesten 78 000 medlemmar. Dei to største kristne trussamfunna utanfor Den norske kyrkja er Den romersk-katolske kyrkja med over 46 000 medlemmar og Pinsevenene med litt under 46 000 medlemmar.

Den romersk-katolske kyrkja

Den romersk-katolske kyrkja er det største kristne kyrkjefamfunnet i verda. Medan ein reknar med at det er omlag 1965 millionar kristne i verda i dag (av desse er om lag 1,7 milliardar tilslutta eit kyrkjefamfunn), finst det om lag 1055 millionar katolikkar (1998). Europa har omlag 269 millionar katolikkar, noko som utgjer 37 prosent av den totale befolkninga i denne verdsdelen.

Etter reformasjonen fekk Den romersk-katolske kyrkja lov til å etablere seg med ein kyrkjelyd i Oslo i 1843, to år før dissentarlova gav kristne trussamfunn utanfor statskyrkja rett til å praktisere religionen sin. I Noreg var det per. 1. januar 2004 registrert 46 308 medlemmar av Den katolske kyrkja, ein auke frå året før då talet var 44 153. Talet på katolikkar i Noreg har hatt ein jamn auke, og sidan 1990 er det registrert nesten 20 000 nye medlemmar. I hovudsak er innvandring og mottak av asylsøklarar årsak til denne veksten. Den katolske kyrkja reknar sjølv med at det finst nesten 20 000 uregistrerte katolikkar i Noreg, av desse er dei fleste fødte i utlandet.

Administrativt er Den katolske kyrkja i Noreg delt i tre: Oslo katolske bispedømme som omfattar Aust- og Vestlandet, Trondheim stift som utgjer Midt-Noreg og Tromsø stift som omfattar Nord-Noreg. Det er flest medlemmar i Oslo og Akershus med til saman 21 042. Til saman har Den romersk-katolske kyrkja 32 kyrkjelydar i landet.

Dei evangeliske frikyrkjene

Norges Frikirkeråd er eit fellesorgan for det ein gjerne kallar dei evangeliske frikyrkjene, og vart skipa i 1966. Følgjande trussamfunn er medlemmar her: Dei Frie Evangeliske Forsamlingar, Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja, Det norske Baptistsamfunn, Det norske Misjonsforbundet, Frelsesarmeen, Guds menighet på Vegårshei, Metodistkyrkja i Noreg, Pinserørsla, Vennenes Samfunn - Kvekarane.

Det største frikyrkjesamfunnet tilslutta Norges Frikirkeråd er *Pinserørsla* med 243 kyrkjelydar over heile landet og 45 875 registrerte medlemmar (2004). Det er ein auke frå 45 624 registreerte medlemmar året før. Medlemstalet har vore rimeleg stabilt sidan 1980. Lenge var pinserørsla det største registrerte trussamfunnet utanfor Den norske kyrkja, men har i seinare år vorte forbigått av islam.

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja vart skipa som ein protest mot statskyrkjeordninga i 1877. Teologisk står Frikyrkja for ein konservativ lutherdom. Spørsmålet om kyrkjeordninga blir oppfatta som eit lærespørsmål, og Frikyrkja avviser statskyrkjesystemet på prinsipielt grunnlag: Kyrkja sine egne organ må ha rett til å kalle prestar og verne om den kyrkjelege læra.

Frikyrkja har i dag 80 kyrkjelydar med 21 389 medlemmar og 70 pastorar. Medlemstalet har auka frå 18 984 medlemmar i 1971. Kyrkja har om lag 30 misjonærar som samarbeider med Det norske misjonselskapet og driv misjon i Japan, Taiwan, Etiopia og Mali. I tillegg samarbeider frikyrkja om prosjekt i Kina, Afrika og Israel. Frikyrkja driv Fredtun Folkehøgskole i Stavern og Frikirkens studiesenter i Oslo.

«Gamle» frikyrkjesamfunn i Noreg som metodistar og baptistar er i tilbakegang. *Metodistkyrkja i Noreg* vart skipa i 1856 som det første frikyrkjesamfunnet i Noreg etter at dissentarlova kom. Metodistane har gått tilbake frå 17 622 medlemmar i 1971 til 12 468 medlemmar i 2004, og har 50 kyrkjelydar over heile landet og om lag 100 pastorar. 8 misjonærar driv misjonsarbeid i India, Angola, Liberia, Zimbabwe, Ukraina og Bosnia. Metodistkyrkja eig og driv sjukehus i Bergen og Skien, og har sjukepleiarhøgskole Bergen i tillegg til å samarbeide med Diakonissehuset Lovisenberg om Høgskolen for Diakoni og Sjukepleie i Oslo. I Bergen har kyrkja høgskole for kristendom og praktisk teologi med teologisk seminar.

Baptismen slo seg ned i Noreg om lag 1860. *Det norske Baptistsamfunnet* hadde 12098 registrerte medlemmar i 1980, men medlemstalet er redusert til 10 261 i 2004. Baptistsamfunnet har 68 kyrkjelydar og 30 pastorar. På Baptistsenteret på Stabekk held kyrkjeleiinga til, og der finst også eit teologisk seminar og ein folkehøgskole. Baptistane driv misjonsarbeid i Kongo, Kamerun, Den sentralafrikanske republikken, Filippinane, Nepal, Thailand, Vietnam, Romania og Albania. 7 misjonærar er i aktiv teneste ute.

Medlemmar av kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja

	1971	1980	1990	2000	2003	2004
Adventistsamfunnet	6 090	6 595	6 631	5 998	5 629	5 530
Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Noreg	18 984	19 357	20 360	21 163	21 320	21 389
Den ortodokse kyrkja			1 222	2 315	4 588	4 827
Den romersk-katolske kyrkja	9 366	13 923	26 580	42 598	44 153	46 308
Det Evangelisk-Lutherske Kyrkjefamfunn	3 618	3 744	3 510	3 438	3 826	3 821
Det norske Baptistsamfunn	11 880	12 098	11 836	10 352	10 260	10 261
Det Norske Misjonsforbund	3 804	5 510	7 416	8 309	9 050	8 745
Guds menighet	1 519	1 452	1 393	1 051	1 013	998
Jehovas vitner i Noreg			14 749	15 055	14 580	14 553
Kristne senter			619	3 222	3 492	3 584
Metodist kyrkja i Noreg	17 622	17 120	15 447	13 130	12 642	12 468
Pinsemenigheiter	35 874	42 518	43 471	45 006	45 624	45 875

Frelsesarmeen vart oppretta i Noreg i 1888, og har i dag 119 korps, vel 60 sosiale einingar, 61 Freetex-forretningar, 2 skolar og eit kurssenter. Territoriet omfattar Noreg, Island og Færøyene med over 21 000 medlemmar. Av desse er 7 135 frelssoldatar og 250 offiserar. I tillegg er det 1000 sivilt tilsette. Frelsesarmeen har vore oppteken av å vere ei vekkingsrørsle og ikkje eit kyrkjefamfunn. Derfor har det

vore mogleg både for soldatar og offiserar å vere medlemmar av eit kyrkjesamfunn samstundes som dei er med i Armeen. No er Frelsesarmeen registrert som eit eige trussamfunn. All vekt er lagt på forkynning og sosialt arbeid.

Det norske misjonsforbundet vart skipa i 1884, og omfattar 78 kyrkjelydar med til 8745 medlemmar i 2004. I tillegg er det om lag 5000 medlemmar i barne- og ungdomsavdelingar. Medlemstalet har auka frå 3 804 i 1971.

Det evangelisk-lutherske kyrkjesamfunnet, som vart oppretta i protest mot at ei ny og meir tidsmessig lesebok kom inn i allmugeskolen i 1860-åra, har hatt ein stabil oppslutnad på om lag 3 500 medlemmar sidan 1970-åra. Medlemstalet var 3 821 i 2004. Kyrkjesamfunnet har 16 kyrkjelydar.

Guds menighet på Vegårshei hadde 998 medlemmar i 2004, ein nedgang på nesten 500 sidan 1971, medan *Vennenes samfunn - Kvekarane* er eit av dei minste kyrkjesamfunna i Noreg med 150 medlemmar.

Andre kristne trussamfunn

Adventismen var ei vekkingrørsle som greip om seg i Amerika i 1830- og 40-åra, og som la sterk vekt på forventningar om endetida i den religiøse forkynninga.

Adventistsamfunnet fekk fotfeste i Noreg i 1878. Sidan 1971 har medlemstalet heldt seg stabilt på om lag 6 000. I 2004 var det registrert 71 kyrkjelydar med til saman 5530 medlemmar, ein nedgang frå 5 629 året før.

Internasjonalt sett er det særleg pinsevekkinga og den karismatiske vekkinga som er inspirasjonskjelder for trusrørsla eller *Dei kristne sentra*. Oslo Kristne Senter vart skipa som det første i Noreg i 1985, og har hatt ein sterk vekst. Medan det registrerte medlemstalet var 619 i 1990, har det auka til 3 584 registrerte medlemmar i 2004. For heile landet reknar ein med at om lag 10 000 personar er med i dei kristne sentra.

Ein reknar med at *Den ortodokse kyrkja* har til saman om lag 200 millionar medlemmar. I hovudsak finst desse i dei austlege delane av Europa med Hellas og Russland som tyngdepunkt. I Noreg er dei fleste ortodokse kristne innvandrarar. I 2000 var medlemstalet 2 315 fordelt på to kyrkjelydar, ein russisk og ein gresk. I 2002 var talet på medlemmar auka til 4 827.

Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige (Mormonkyrkja) er ein trustradisjon med røter i kristendommen. Til Noreg kom rørsla midt på 1800-talet. Ved sida av Bibelen er særleg Mormons bok rekna som autoritativt skrift. I Noreg har kyrkjesamfunnet noko over 4 000 medlemmar, og det finst kyrkjelydar i dei største byane.

Jehovas vitne har også opphavet sitt i USA på 1800-talet. Rørsla legg sterk vekt på misjon og finst i meir enn 230 land over heile verda. *Jehovas vitne* kom til Noreg på slutten av 1800-talet gjennom nordmenn som hadde utvandra til USA. Særleg etter andre verdskrigen var trussamfunnet i sterkt vekst, men dei siste åra har medlemstalet flata ut. I 2004 hadde *Jehovas vitne* 14 553 medlemmar i Noreg.

Litteratur

Bøckman, Peter Wilhelm (1989). *Den norske kirke – historisk og aktuelt*. Trondheim: Tapir Forlag.

Elstad, Hallgeir og Per Halse (2002). *Illustrert norsk kristendomshistorie*. Fagbokforlaget: Bergen.

Elstad, Hallgeir (2005). *Nyere norsk kristendomshistorie*. Fagbokforlaget: Bergen.

Hegstad, Harald (1999). *Kirke i forandring. Fellesskap, tilhørighet og mangfold i Den norske kirke*. Oslo: Luther Forlag.

Kirkerådet (2002). *Samme kirke-ny ordning. Om ny ordning av Den norske kirke, med særlig vekt på forholdet mellom kirke og stat*. Oslo: Kirkerådet.

Leirvik, Oddbjørn (2001). *Religionsdialog på norsk*. 2. utgåve. Oslo: Pax.

Lundby, Knut (1985). "Norge". I: Gustafsson, Göran (red.): *Religiös förändring i de nordiska länderna 1930-1980*. Malmö: Liber Förlag.

Oftestad, Bernt. T., Tarald Rasmussen og Jan Schumacher (1993). *Norsk kirkehistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Repstad, Pål (2000). *Religiøst liv i det moderne Norge. Et sosiologisk kart*. 2. Utg. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Stat og kirke. Norges offentlige utredninger 1975:30.

Sødal, Helje Kringlebotn (red.) (2002). *Det kristne Norge. Innføring konfesjonskunnskap*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Winsnes, Ole Gunnar (red.) (2002). *Tallenes tale 2002. Perspektiver på statistikk og kirke*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.

Nettkjelder

Den norske kyrkja: www.kirken.no

Kultur-og Kyrkjedepartementet: odin.dep.no/kkd/

Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD): www.nsd.uib.no

Oslo katolske bispedømme: www.katolsk.no